

HILSEN FRA LEDEREN

Nå sitter du med en rykende fersk årsmelding i hånden. Den gir et innblikk i hva Hordaland Bondelag driver med og hva som rører seg innenfor organisasjonen. Den er en oppsummering av året som gikk, med referat og bilder fra arrangement, møter, arbeidsgrupper og turer som både fylkesstyret, lokallagene og medlemmer har deltatt på.

Det er stor aktivitet på alle nivå i organisasjonen. Mat- og landbrukspolitikk har de siste årene blitt satt på dagsorden på en helt ny måte. Dette krever at vi som organisasjon er «på», engasjerer oss og deltar i debatten med kunnskap og et tydelig virkelighetsbilde som resten av befolkningen kan kjenne seg igjen i.

Jeg opplever at Hordaland Bondelag lykkes i dette arbeidet. I 2015 hadde vi en formidabel medlemsvekst. Ved utgangen av året hadde vi hele 75 flere medlemmer enn ved årets start. Jeg tror det er fordi vi er synlige. Jeg tror det er fordi vi er tilstede der folk ferdes, der de henter informasjonen sin, der de tilbringer arbeidsdagen og fritiden sin.

Vi er tilstede i samfunnsdebatten og løfter problemstillinger som er viktig for folk innenfor næringen. Det handler om konsesjonsloven, om jordvernmål, om skatteregelverk og unges muligheter for å satse på landbruk. Aktive lokallag tilbyr feks kurs i bruk av motorsag og kurs i traktorkjøring for kvinner, i tillegg til sosiale møteplasser med rom for meningsutveksling og faglig påfyll. Dette er viktig i en næring der mange jobber alene og har lange dager med mye ansvar.

Vi skaper også arenaer som appellerer til de som er kundene våre, de som kjøper produktene våre, som går i kulturlandskapet eller kjøper brøytetjenester hos oss. Det arrangeres Åpen Gård, Teknikkens Dag, stands på messer og markeder. Dette er gode utstillingsvinduer mot de som nyter godt av det landbruket genererer og gir dem forståelse for verdien av landbruket i lokalområdet. Når vi i tillegg er aktive i media med innlegg og innspill, oppnår vi at folk blir mer bevisste på hva norsk landbruk leverer av trygg mat, dyrevelferd og matsikkerhet.

Bondelaget er en dynamisk organisasjon. Aktiviteten i lokallagene preger fylkesstyrets arbeid. Det er innspill fra medlemmer og møter i lokallagene som legger føringer for debatten i fylkesstyret og preger innspillene fylkesstyret gir videre til Norges Bondelag. Vi tilstreber at alle medlemmer skal ha en arena å uttrykke sitt engasjement på når vi sammen former den politiske retningen Bondelaget skal gå i. Derfor; bruk muligheten din, møt opp på lokallagsmøtene og si din mening. Det er medlemmene som staker ut retningen for hvor veien går videre.



ADRESSER STYRET OG ADMINISTRASJONEN

Styreverv	Namn og adresse	Telefon og e-post
Leiar:	Frøydis Haugen, Fonnebostvegen 15, 5955 Lindås	48 28 86 69 froed-ha@online.no
Nestleiar:	Frode Handeland, Dyngjevn 105, 5550 Sveio	41 21 50 83 ahandel2@online.no
Styremedlem:	Leif Arne Lirhus, Myrkdalsvegen 733, 5713 Voss	90 88 48 49 larne-li@online.no
Styremedlem:	Kjetil Mehl, Landavegen 192, 5464 Dimmelsvik	98 06 41 63 kjemehl@online.no
Styremedlem:	Knut Byrkjenes Hauso 5777 Grimo	99 26 32 54 kn-haus@online.no
Frå HBU:	Brynhild Kolltveit, Kollen 39, 5632 Omastrand	95 40 37 90 brko3101@online.no
Frå HBK:	Åse Kleppe, Kleppe S., 5282 Lonevåg	976 71 561 aseklepp@online.no
1. vara:	Bodhild Fjelltveit Hausdalsv. 379, 5229 Kalandseidet	90 98 59 32 bodhildfjelltveit@gmail.com
2. vara:	Kari Heggnes Kvammen, Toska, 5936 Manger	90 51 43 03 f-kvamme@online.no
3. vara:	Anita Irene Jordalen, Holbygdvegen 371, 5713 Vossestrand	91 73 47 13 larshol2@online.no

Administrasjonen:

Post- og besøksadresse : Krokeidevegen 13, 5244 Fana
Telefon: 55 91 88 80
E- post: hordaland@bondelaget.no
Nettstad: www.bondelaget.no/hordaland

Twitter: @Hordalandbonde
Facebook: Hordaland Bondelag
Instagram: hordalandbondelag #vestlandsbonden

Organisasjonssjef:	Lars Peter Taule	90 85 85 55 lars.peter.taule@bondelaget.no
Rådgjever:	Geir Totland	99 64 26 00 geir.totland@bondelaget.no
Rådgjever:	Maria Makloufi Skjold	93 49 30 78 maria.skjold@bondelaget.no
Kompetansemeklar:	Rakel Blaalid	45 45 75 85 rakel.blaalid@bondelaget.no

Medlemstal

Hordaland Bondelag hadde 3 649 medlemmer 31. desember 2014, og 3 724 medlemmer 31. desember 2015. Medlemstalet har auka med 75, og vi har høgaste medlemstal sidan 1997. Hjarteleg velkomen til alle nye medlemmer, og takk til alle som har verva. Det er mange som står på for at vi skal ha ein god organisasjon for medlemmene. Saman er vi sterke!

Styret i Norges Bondelag

Torbjørgh Austrud frå Hordaland vart valt som 1. vara til styret i Norges Bondelag under årsmøtet i juni. Torbjørgh er fruktbonde frå Ulvik, og ho og familien driv Ulvik Frukt & Cideri på garden Hakastad.

Bjarte Naterstad frå Seimsfoss er nestleiar i valnemnda i Norges Bondelag. Bjarte har hatt mange ulike verv i Bondelaget og andre organisasjonar, og er no leiar i Norsk Landbruksrådgiving Hordaland og nestleiar i Studieforbundet Næring og Samfunn.


Ny medarbeidar

Hausten 2015 vart Rakel Blaalid tilsatt som kompetansemeklar i det toårige prosjektet "Grøn FoU Vest". Formelt er Rakel tilsatt gjennom Norges Bondelag, men prosjektet er eigd og finansiert av Samarbeidsrådet for landbruk i Hordaland og Sogn og Fjordane, med støtte frå Fylkesmennene og Fylkeskommunane i dei to fylka. Rakel har kontor plass på Landbrukstunet i Fana.

Samarbeidsrådet ønskjer at prosjektet skal bidra til fleire brukarretta forskingsprosjekt knytt til næringa i dei to fylka.



Rakel Blaalid.



Gode lokallag: Open Gard i Etne.



Open Gard-arrangørar frå Sotra og Øygarden Bondelag med Bondeven Beate Husa.

FYLKESSTYRET:

Fylkesstyret leier arbeidet i fylkesbondelaget, og er ansvarleg ovanfor årsmøtet i fylkeslaget. Dei skal fremje Norges Bondelag sitt føremål, rettleie lokallaga i arbeidet deira og forvalte fylkeslaget sine midlar. Styret handsamar saker frå eigen organisasjon, frå kommune, Stat og organisasjonar. Dei deltar i lokallagsmøte og representerer Hordaland Bondelag i utval, møte og samlinger.

Fylkesstyremedlemene stiller også opp for media, og særleg leiar Frøydis Haugen kan høyrast på radio eller sjåast i avisa i samband med ulike saker og tema. Både Frøydis og nestleiar Frode har hatt innlegg på konferansar og møte. Frøydis representerte Hordaland Bondelag på leiarkonferanse i Norges Bondelag og i Aksjonsutvalet, medan Frode er medlem av Miljø- og kvalitetsutvalet i Norges Bondelag.

I 2015 hadde fylkesstyret 9 vanlege styremøte og 2 telefonmøte med lokallagsleiarane. Telefonmøta var i samband med jordbruksforhandlingane, der lokallaga fekk informasjon om utviklinga i prosessen. Styret handsama 63 saker i 2015.

Det viktigaste temaet på styremøtet i mai, er årsmøtet i Norges Bondelag. Alle utsendingane frå Hordaland vert kalla inn, i tillegg til dei vanlege styremedlemene. Denne gongen var Sogn og Fjordane Bondelag med, og møtet vart derfor halde på Westland Hotel i Lindås. Deltakarane var òg på gardsbesøk hos fylkesleiar Frøydis Haugen.

Arbeidsutvalet i Møre og Romsdal-, Sogn og Fjordane- og Hordaland Bondelag hadde felles møte i Hordaland i november. Arbeidsutvalet er sett saman av leiar, nestleiar og organisasjonssjef. På programmet sto mellom anna nytt næringspolitisk program for Norges Bondelag, lausdriftskravet og jordbruksforhandlingane.



F.v: Frøydis Haugen, Frode Handeland, Lars Peter Taule, Arnar Lyche, Marit Flatjord, Gunnhild Overvoll, Anders Felde, Merete Støfring og Inge Martin Karlsvik.

Utval og representasjon 2015 - 2016

Arbeidsutval	Leiar, nestleiar og organisasjonssjef
Verveutval	Frøydis Haugen, Leif Arne Lirhus, kontoret

Styret i Norges Bondelag	Torbjörg Austrud
Valnemnda i Norges Bondelag	Bjarte Naterstad
Miljø- og kvalitetsutvalet i Norges B.lag	Frode Handeland
Innovasjon Norge, Hordaland	Frøydis Haugen
Rådet for dyreetikk	Clara Hveem

Klima og energiansvarleg	Frode Handeland
Kurs og opplæring	Leif Arne Lirhus, Geir Totland
Styret i HBK	Anita Jordalen Vara: Kjetil Mehl
Styret i HBU	Kjetil Mehl Vara: Leif Arne Lirhus
Samarbeidsrådet for landbruk	Frøydis Haugen Vara: Frode Handeland
Kontaktutval Gjensidige	Frøydis Haugen og org.sjef
Stiftinga Hordaland Landbruksselskap	Frøydis Haugen
Referansegruppe KSL/Matmerk	Frøydis Haugen, kontoret
HV- distriktsråd:	Frode Handeland. Vara: Kari H. Kvammen
Matfestivalen	Frøydis Haugen, kontoret
Vassregion Hordaland	Maria Makloufi Skjold
Grøntutvalet Vestlandet	Knut Byrkjenes Hauso
Kulturlandskapsgruppa (RMP)	Frode Handeland, orgsjef. Vara: F. Haugen
Råd, Arbeidstilsynet reg. Vest	Geir Totland
Hardangerkonferansen, programkomité	Knut Byrkjenes Hauso
Strategigruppa for sau og mjølk	Frøydis Haugen, org.sjef.
Ny giv i sauehaldet i Hordaland	Frode Handeland
Beiteutvalet	Frode Handeland
Vi satsar på mjølk i Hordaland	Leif Arne Lirhus
Landskap i drift	Bodhild Fjelltveit
RULL	Frøydis Haugen, Lars Peter Taule
Agro Hordaland 2015	Geir Totland
Studieforbundet Næring og Samfunn	Maria Makloufi Skjold, Frode Handeland
Urbant Landbruk	Bodhild Fjelltveit
Kommunale forvaltingsplanar gås	Lars P Taule, Geir Totland
Prosjekt gode matvaner	Maria Makloufi Skjold

Hordaland Bondelag sine utsendingar til:

Årsmøte i Hordaland Bygdekvinnelag	Anita Jordalen Vara: Kjetil Mehl
Årsmøte i Hordaland Bygdeungdomslag	Kjetil Mehl Vara: Leif Arne Lirhus
Årsmøte i 4H Hordaland	Knut B. Hauso Vara: Maria M. Skjold

LISTE OVER LOKALLAGSLEIARAR

Reg	Lokallagnamn	Namn	Mobil	E-post	Medl.tal 4.01.16
1	Etne Bondelag	Torbjørn Grønstad	47468019	etne.bondelag@outlook.com	224
1	Sveio Bondelag	Kristoffer B. Handeland	95870316	kristoffer-handeland@hotmail.com	115
1	Bømlo Bondelag	Runar Aga	94508680	runar.aga@haugnett.no	54
1	Stord Bondelag	Knut Vikane	48444030	knut@stordbilhjelp.no	52
1	Huglo Bondelag	Erik Willgohs	90145359	willgohs@hotmail.com	18
1	Fitjar Bondelag	Tore Sigurd Fitjar	95277201	tore.fitjar@haugnett.no	107
1	Varaldsøy Bondelag	Erling J. Skjelnes	90770037	terje.charles.aggvin@knett.no	21
1	Omvikdalen Bondelag	Tore Eikeland	95118749	tore.eikeland@knett.no	151
1	Uskedalen Bondelag	Hans Reidar Kjærland	99701819	hr.kjaer@online.no	58
1	Ølve/Hatlestrand Bondelag	Veronica K. Hellestveit	92411007	veronica.hellestveit@knett.no	43
1	Åkra Bondelag	Oddbjørn Sørheim	90760349	oddbjorn.sorheim@knett.no	22
1	Halsnøy Bondelag	Clara A. Hveem	95154599	clara@hveem.no	58
2	Bergen Bondelag	Bodhild Fjellveit	90985932	bodhildfjellveit@gmail.com	415
2	Tysnes Bondelag	Leif Magne Hovland	41212193	leif.magne.hovland@haugnett.no	38
2	Fusa Bondelag	Lars Inge Vik	918 57 854	lingevik@fusi.no	137
2	Samnanger Bondelag	Anne Frøland	91750242	torolf-f@online.no	16
2	Os Bondelag	Olav Botnevik	92460307	obotnevi@online.no	82
2	Austevoll Bondelag	Ingolv Skumsnes	98870803	ingsku@hotmail.com	14
2	Sotra og Øygarden B.	Hans Arne Breivik	95744560	hansarne.breivik@online.no	43
2	Askøy Bondelag	Arvid Nese	90037726	arvid@nese.no	36
3	Jondal Bondelag	Knut Flatebø	91545325	knutflate@online.no	35
3	Odda/Røldal Bondelag	Kåre Johannes Aase	91330136	kjaase@gmail.com	89
3	Ullensvang Hagebrukslag	Magnus Opedal	41452941	magnus.opedal@lofthus.no	210
3	Strandebarm-Tørvikbygd B.	Peder Nernæs	97041628	pedne@online.no	110
3	Vikøy og Øystese Bondelag	Nils Neteland	90987204	itneteland@yahoo.no	226
4	Ulvik og Eidford Bondelag	Stein Olav Kolås	95700849	okolaa@online.no	82
4	Granvin Bondelag	Inga Winjum Rørlin	97571612	ingawr@hotmail.com	58
4	Voss Bondelag	Lars Istad	41206142	la-istad@online.no	300
4	Bulken - Evanger Bondelag	Bjørne Røthe	91330063	bjor-roe@online.no	68
4	Vossestrand Bondelag	Trond Olav Neteland	95702327	trond.olav.net@hotmail.com	118
4	Eksingedalen/Vaksdal B	Kjetil Rødland	91179771	kroedlan@online.no	61
4	Modalen Bondelag	Ann-Jorunn Farestveit	41645012	ann-jorunn-f@hotmail.com	24
5	Osterøy Bondelag	Tonje Yddal	46839068	tonje.kyddal@gmail.com	159
5	Meland Bondelag	Helge Henanger	91612255	hena@online.no	65
5	Radøy Bondelag	Kari Heggnes Kvammen	90514303	f-kvamme@online.no	132
5	Austrheim / Lindås B.	Jan Magne Keilegavlen	90723827	keilegavlangard@gmail.com	103
5	Alversund og Seim B.	Jan Otto Pletten	90039671	jan.otto.pletten@gmail.com	101
5	Eikanger Bondelag	Olav Myhr	91176011	olavimyhr@gmail.com	59
5	Masfjorden Bondelag				18

LOKALLAGA

Hordaland Bondelag har 39 lokallag. Med unntak av Fedje, er det minst eitt lokallag i alle kommunar. Masfjorden Bondelag har for tida ingen leiar. Det er ulikt aktivitetsnivå i lokallaga, men dei fleste kan tilby medlemsmøte. Nokre lag har kurstilbod, bondepub eller andre sosiale samankomster, og mange arrangerer fagmøte med ulike tema og studiering.

Bondelaget er avhengig av velfungerande lokallag. Arbeidet som vert lagt ned lokalt gir grunnlag for Bondelaget sitt arbeid sentralt mot til dømes Stortinget og offentlege etatar. Lokallaga gjer også ein stor innsats på lokalpolitisk nivå, mot ”folk flest” og ved å sikre nettverk og sosialt samhald i bygda. Arrangement som Open Gard, quizkveld og aktivitetsdag samlar bygdefolket og viser positive sider ved landbruket.

Fadderordning

Styremedlemene har fleire ”fadderlag” som dei har eit ekstra ansvar for å følgje opp. Ordninga skal sikre god kommunikasjon, og målet er at ein fast kontaktperson skal gjere det enklare å ta opp saker med styret. Styremedlemet skal hjelpe, støtte og motivere til godt lokallagsarbeid. Fadderer tar kontakt med sine lokallag nokre gonger i året, og er gjerne med på årsmøtet eller andre møte. Lokallaga får ein oversikt over kven som er deira kontakt etter fylkesårsmøtet.

Æresmedlem

Æresmedlemskap er ein heider til personar som har utført spesielt godt arbeid for organisasjonen og medlemene.

Kari Valland frå Kvam har vore æresmedlem sidan 2005. Ho har vore tillitsvald i lokallag, fylkeslag og varamedlem til styret i Norges Bondelag.

Nils T. Bjørke vart utnemnt til æresmedlem i Hordaland under årsmøtet i 2015.



Frøydis Haugen med diplom til Nils T. Bjørke.

Nils har vore tillitsvald i Voss Bondelag, styremedlem i Hordaland Bondelag og leiar for fylkeslaget i seks år. Han leia Norges Bondelag frå 2009 til 2014, etter å ha vore med i styret sidan 2005.

Nils kunne ikkje delta på årsmøtet, men var med under utdelinga via Skype. Fylkesleiar Frøydis Haugen leste opp grunngjevinga og viste fram diplommet.

DRIFT AV FYLKESLAGET

Hordaland Bondelag er eitt av 17 fylkeslag i Norges Bondelag. I Hordaland er det 39 lokallag, som alle har eigne styre. Lokallaga har eigne aktivitetar, men deltar også på møte, samlingar og kurs i regi av fylkeslaget.

Leiarane møtest på leiarmøtet kvart år, medan regionmøta er for heile lokallagsstyret. Lokallaget vel utsendingar til årsmøtet i Hordaland Bondelag, og fylkesårsmøtet vel utsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag. Fylkeslaget arrangerer også kurs og fagmøte.

Regionmøta (27. og 28. januar)

Kvart år inviterer fylkesstyret alle tillitsvalde i lokallaga til møte i regionane. Møtet gir dei tillitsvalde høve til å møte kollegaer og diskutere lagsarbeid og landbrukspolitikk.

Dei fire regionmøta vart haldne på Stord, i Bergen, i Alversund og i Granvin. Tema var mellom anna endring av konsesjonslova, naturskade og klima, differensiering av tilskotsordningane, dokumentasjonskrav til ferie og fritid, forvaltning av ørn, HMS, politisk arbeid og aksjonar. Lokallaga hadde også ei oppsummering av eigen aktivitet.

Årsmøtet (13.-14. mars)

Årsmøtet er den høgaste avgjerande styresmakt i fylkesbondelaget, og vert arrangert kvart år i mars. Alle lokallaga har rett til å sende ein eller fleire utsendingar, etter kor mange medlemmer laget har.

Utdrag frå protokollen:

Årsmøtesak 1. Godkjenning av innkalling. Vedtak: Godkjent.

Årsmøtesak 2. Godkjenning av sakliste. Vedtak: Godkjent.

Årsmøtesak 3. Val av to personar til å skrive under møteprotokollen. Vedtak: Ann-Jorunn Farestveit og Olav Botnevik.

Helsing frå Kvam kommune ved ordførar Asbjørn Tolo.



Einar Frogner (NB) og Reidar Kloster, Fitjar Bondelag.

Leiaren sin tale ved Frøydis Haugen.

Innlegg frå styret i Norges Bondelag ved Einar Frogner, styremedlem.

Ordskifte. Nokre tema som vart tatt opp:

Produksjonsregulering av eggproduksjonen, Bondelaget sin strategi i samband med kvoteregionane, Odelslova og Konesjonslova, studieheftet føre jordbrukstingane, jordvern, Bioforsk, rekruttering og jordbrukstingane og brot.



Fylkesmann Lars Sponheim.

Mindre Stat - Meir mat! - Er det så enkelt?

v/ fylkesmann Lars Sponheim, leiar av Forenklingsutvalet. (utanom ordinært årsmøte)

Open Post: Styret fremma forslag om ein uttale frå årsmøtet om Bioforsk/Institutt for Bioøkonomi. Resolusjonsnemnd vart oppnemnd: Knut B. Hauso, Bodhild Fjelltveit, Leif Arne Lirhus og Frode Handeland.

Rekruttere til organisasjonsarbeid, ved Bjarte Naterstad.
Informasjon om kurs og opplæring, ved Frøydis Haugen.

Framtida er blå/grøn. Bioøkonomi – vår nye vekstnæring, v/ prosjektleiar Svein Guldal, Norges Bondelag. Faginnlegg utanom ordinært årsmøte.

Årsmøtemiddag. Bergen Bondelag vart heidra som årets lokallag. Prisen vart tatt i mot av leiar Bodhild Fjelltveit og styremedlem Jon Henning Gjerde.



Frøydis Haugen, Bodhild Fjelltveit og Jon Henning Gjerde.

Dag to, laurdag 14. mars.

Jordbruksforhandlingane 2015. Kampanje, forhandlingar og aksjonsberedskap ved Einar Frogner og Frøydis Haugen.

Open Post/helsingar.

- HMS-teneste i landbruket. Liv Lyngstad frå Norsk Landbruksrådgiving Hordaland orienterte om HMS-arbeidet etter at LHMS er blitt ein del av Norsk Landbruksrådgiving.
- Om økonomien i storfekjøttproduksjonen, ved Inga W. Rørlien.
- 4H v/ Tonje Yddal .
- Birøktarlaget v/ Sissel Opedal.
- Tine v/ Helge Arne Espeland.
- Nortura v/ Even Øyri.

Tema styret ynskjer å løfte fram:

Klima og ekstremvær, om å vere førebudd og beredskap.

Hjelp til gjennomføring av kurs.

Hordaland Bondelag kjøper aksjar i Matarena.



Åse Kleppe (HBK og styret) og Tonje Yddal (Osterøy Bondelag og 4H).

Årsmøtesak 4. Innkomne saker – uttalar.

Æresmedlem. Nils T. Bjørke vart utnemnd til æresmedlem i Hordaland Bondelag.

Årsmøtet i Hordaland Bondelag vedtok to uttalar. I den eine uttalen ” Med kunnskap - for framtida” krev årsmøtet i Hordaland Bondelag at NIBIO må ”ta eit tak” her på Vestlandet, mellom anna ved å la forskingsstasjonane i Ullensvang og på Fureneset bestå. Den andre uttalen ” Må forstå jordas verdi” støttar fylkesmann Lars Sponheim sin slakt av jordvernrapporten, referert i Bondebladet 12. mars 2015.

Årsmøtesak 5. Årsmelding.

Det har skjedd ein feil med trykkinga av årsmeldinga i år. Dei fire siste sidene er ikkje komen med. Hordaland Bondelag har fått trykka opp nye årsmeldingar som er komplett og vil bli sendt ut til dei som ynskjer dette, i tillegg er det mogeleg å hente komplett årsmelding på www.bondelaget.no/hordaland. Vedtak: Framlagt årsmelding godkjent.

Årsmøtesak 6. Rekneskap.

Vedtak: Framlagt rekneskap vedtatt.

Årsmøtesak 7. Budsjett.

Vedtak: Framlagt budsjett vedtatt

Avdeling	Budsjett inntekt 2015	Budsjett kostnad 2015	Budsjett 2015
Generelt	830 000	50 000	780 000
Rente/gebyr	40 000		40 000
Fylkesleder	299 000	300 000	-1 000
Fylkesstyret		400 000	-400 000
Andre tillitsvalgte		20 000	-20 000
Blå-grønt samarbeid		400 000	-400 000
Årsmøte HB	80 000	220 000	-140 000
Leiarmøte HB	323 000	605 000	-282 000
Regionmøte HB		28 000	-28 000
Opplæring/kurs	140 000	65 000	75 000
Rekruttering/Unge			
Bønderkurs	20 000	25 000	-5 000
Open gard/aktive lokallag		50 000	-50 000
Resultat 2014	1 732 000	2 163 000	-431 000

Budsjettet for 2015 blir gjort opp med eit underskot på kr. 431.000. Denne underdekninga skal hentast frå eigenkapitalen. Underskotet i årets budsjett kjem frå kjøp av aksjar i Matselskapet blå/grønt til kr. 350.000 som er omtala i rekneskapen for 2014. I tillegg kjem ekstraordinære kostnader med leiarmøtet 2015 og turen til Romania.

Årsmøtesak 8. Arbeidsplan.

Vedtak: Framlagt arbeidsplan vedtatt.

Arbeidsplanen kan lesast på side 17.

Årsmøtesak 9. Val

Leiar i valnemnda, Bjarte Naterstad, orienterte om valnemnda sitt arbeid og innstilling.

Utsendingar med stemmerett: 51



Bjarte Naterstad.

Valnemnda si samansetjing i 2014 / 2015:

Vald inn		Valnemndsmedlem	Varamedlem	
2014	Krins 1	Bjarte Naterstad	Erik Willgohs	
2013	Krins 2	Norolf Sæle	Jan Bjarte Fjell	Begge på val
2013	Krins 3	Sissel Opedal	Steinar Steine	Begge på val
2014	Krins 4	Arne Bystøl	David Spildo	
2013	Krins 5	Oddvar Kleppe	Roar Angelskår	Begge på val

1. gong vald

Leiar.

Frøydis Haugen 2014/2013 1 år Krins 5
Valt med 50 stemmer 1 blank

To styremedlemer.

Frode Handeland 2012 2 år Krins 1
Valt med 50 stemmer 1 blank

Kjetil Mehl 2013 2 år Krins 1
Valt med 50 stemmer 1 blank

Styremedlemer valde i 2014.

Leif Arne Lirhus 2012 ikkje på val Krins 4
 Knut Byrkjenes Hauso 2014 ikkje på val Krins 3

Varamedlemer til styret.

Benkeforslag – Asgeir Nøttveit framlegg å endre 2. og 3 vara i rekkefølge.

1. Varamedlem

Bodhild Fjelltveit 2013 1 år Krins 2
Valt med stemmeteikn – samrøystes

2. Varamedlem

Kari Heggnes Kvammen 2013 1 år Krins 5
Valt med 45 stemmer mot 5 på Anita Irene Jordalen

3. Varamedlem

Anita Irene Jordalen 2014 1 år Krins 4
Valt med stemmeteikn - samrøystes

Nestleiar:

Frode Handeland 2014 1 år Krins 1
Valt med stemmeteikn - samrøystes

Utsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag:

Frode Handeland	2012	2 år	Krins 1
Kjetil Mehl	2012	2 år	Krins 1
Kari Heggnes Kvammen	2014	2 år	Krins 5
Anita Irene Jordalen	2014	2 år	Krins 4

Valt med stemmeteikn - samrøystes

Utsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag valde i 2014:

Leif Arne Lirhus	2012	Ikkje på val	Krins 4
Knut Byrkjenes Hauso	2014	Ikkje på val	Krins 3
Bodhild Fjelltveit	2014	Ikkje på val	Krins 2

Varautsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag i 2015:

1. Olav Hjetland Bringedal, krins 1
2. Tonje Yddal, krins 5
3. Peder Nernæs, krins 3
4. Hans Arne Breivik, krins 2
5. Stein Olav Kolås, krins 4
6. Lars Mæle, krins 5
7. Lars Peter Taule, Org. Sjef

Valt med stemmeteikn - samrøystes

Møteleiar: Jostein Hellestveit. Attval, 1 år

Valt med stemmeteikn - samrøystes

Vara for møteleiar: Turid Bjørndal Njåstad. Attval, 1 år

Valt med stemmeteikn - samrøystes



Fylkesstyret. F.v: Knut B. Hauso, Anita Jordalen, Frøydis Haugen, Frode Handeland, Kari Heggnes Kvammen, Kjetil Mehl, Leif Arne Lirhus og Bodhild Fjelltveit.

Nye medlemmer i valnemnda:

Vald inn		Valnemndsmedlem	Varamedlem	
2014	Krins 1	Bjarte Naterstad	Erik Willgohs	2 år
2014	Krins 4	Arne Bystøl	David Spildo	2 år
2015	Krins 2	Norolf Sæle	Jan Bjarte Fjell	2 år
<u>Valt med stemmeteikn - samrøystes</u>				
2015	Krins 3	Steinar Steine	Sissel Opedal	2 år
<u>Valt med stemmeteikn - samrøystes</u>				
2015	Krins 5	Roar Angelskår	Oddvar Kleppe	2 år
<u>Valt med stemmeteikn - samrøystes</u>				

Godtgjersler.

Alle godtgjersler vert sett til den same som til ei kvar tid gjeld i Norges Bondelag. Satsar fram til årsmøtet i NB 2015:

Daggodtgjersle: 0-6 timar: 1000 kr. Over 6 timar: 2000 kr. Telefonmøte: 500 kr

Reise- og kostgodtgjersle: Ved reiser for Hordaland Bondelag nyttar ein den reisemåten som er rimelegast for organisasjonen når ein tek reisetid med i vurderinga.

Bruk av eigen bil: Staten sine satsar.

Overnatting: Avtal med fylkeskontoret. Etter rekning

Kost når det ikkje vert servert mat: Etter rekning inntil staten sine satsar.

Barnepass:

Det vert dekkja dokumenterte utgifter for tillitsvalde som har ansvaret for barn under 7 år. Maksimalsatsane for barnevakt vert praktisert på same måte som daggodtgjersla.

Valt med stemmeteikn - samrøystes

Årleg godtgjersle til nestleiar: 15 000 kr. Valt med stemmeteikn - samrøystes

Årsmøtet må peika ut leiar og nestleiar i valnemnda.

Framlegg leiar: Bjarte Naterstad. Valt med stemmeteikn – samrøystes

Framlegg nestleiar: Norolf Sæle. Valt med stemmeteikn - samrøystes

Det vart gjennomført ei utlodning til inntekt for Malawi-prosjektet. Det kom inn kr. 7.200,-

Norges låver v/ Eva Røyrane.

Årsmøte vart avslutta med presentasjon av bokverket Norges låver.

Arbeidsplan 2015 – 2016.

Arbeidsplanen vart vedteken på årsmøtet og byggjer på visjonen "Kjerleik til norsk mat".

Hovudmål:

Hordaland Bondelag skal arbeide for å ivareta landbruket og medlemene sine interesser på ein best mogeleg måte. Målet er å fremja eit bærekraftig landbruk som sikrar mat, miljø og levande bygder, og med det ei bærekraftig samfunnsutvikling. Hordaland Bondelag må til ei kvar tid vere budd til å ta opp viktige saker.

Viktige arbeidsområde i 2015-16:

Følgje opp partia sine prioriteringar i høve til landbruk og matproduksjon.
Søke brei politisk kontakt.

Næringspolitikk:

- Arbeide for å betre økonomien og rekrutteringa til vestlandsjordbruket.
- Fokus på jordvern og arealforvaltning.
- Arbeide for å auka landbruksproduksjonen i Hordaland.
Nytt matselskap i blå-grønt
- større fokus på lokalmarknaden/Bergensmarknaden
- samarbeid med Vestskog for at potensialet for verdiskaping i Hordalandsskogen vert nytta optimalt.
- Delta i regionale prosessar for landbruk og miljø, med vekt på klima og jordvern.
- Følgje WTO- og TTIP-arbeidet. Samarbeide med andre organisasjonar og vere budde på aksjonar.
- Arbeide i mot norsk EU-medlemskap.

Organisasjon og kommunikasjon:

- Ha god kontakt mot heile det politiske miljøet.
- Tur for tillitsvalde i 2015.
- Fokus på Landbrukssamvirket.
- Bruke ekstern informasjon for å synleggjere verdiskapinga i landbruket, organisasjonen sitt arbeid og oppnådde resultat.
- Gje born og vaksne kunnskap om norsk landbruk, gjennom god kontakt og omdømmebygging.
- Arbeide for rekruttering, likestilling og kompetanse.
- Forankre bygdenæringar og næringsutvikling i organisasjonen.
- Ha fokus på miljø og HMS i landbruket.
- Internasjonal kontakt.



Tur for tillitsvalde til Romania.

Årsmøte i Norges Bondelag (10.-11. juni)

Årsmøtet i Norges Bondelag er eit godt høve til å fremje saker for vestlandsjordbruket. Utsendingane vert valt på fylkesårsmøtet, og Hordaland har sju utsendingar. Alle fylke har taletid på møtet, og vel kva for tema dei vil leggje fram for forsamlinga.

På årsmøtet i Lillehammer deltok Tonje Yddal, Frode Handeland, Knut B. Hauso, Anita Jordalen, Bodhild Fjelltveit, Kari H. Kvammen og Kjetil Mehl i tillegg til leiar Frøydis Haugen og org.sjef Lars Peter Taule. Bjarte Naterstad er nestleiar i valnemnda i Norges Bondelag, og Torbjørg Austrud vart valt som første vara til styret i Norges Bondelag.

Under årsmøtet hadde Frøydis innlegg om trong for driftsvansketilskot, Kjetil tok opp faren for å forenkle for mykje i tilskotsordningane, Bodhild snakka om dyrevelferd, Frode hadde innlegg om beiteressursar og Knut forklarte at målpris for grøntnæringa er eit tveegga sverd. Tonje fekk mykje merksemd som yngste deltakar i årsmøtet.



Utsendingane frå Hordaland.

Leiarmøtet – tur til Romania (2.-6. oktober)

Kvart år samlast lokallagsleiarane og fylkesstyret med gjester til fagleg påfyll og diskusjon. Av og til reiser heile leiarmøtet på tur til eit anna fylke, eller til utlandet for å møte kollegaer og sjå landbruk i ei anna setting. Denne gongen gjekk turen til Romania. Det var ein spennande og interessant tur der vi fekk sjå landet frå ei ny side.

Hordalandsbøndene var på gardsbesøk og lærte om landbruk, historie og folk. Jordbruket i Romania består av mange små familiegardar og nokre få, kjempestore bruk. Dei store bruka er som oftast finansiert av utanlandsk kapital. Landet har nesten ingen mellomstore bruk. Under det kommunistiske regimet (fram til 1989) inndrog Staten all landbruksjord,

og danna store kooperativ. Etter at regimet fall fekk bøndene jorda tilbake, men utan midlar til å kjøpe kunstgjødsel, maskiner og andre innsatsfaktorar. Når ein veit at sær mange unge flyttar frå bygda inn til byane eller til utlandet, er det ikkje så vanskeleg å skjønne at familiejordbruket ikkje er så effektivt.

Hordalendingane fekk sjå mjølkebruk, besøksgard, bøffelgard, korn- og vinproduksjon. Vi besøkte også ein matmarknad og to prosjekt som skulle betre kvardagen for fattig lokalbefolkning. Første kvelden fekk vi òg møte ein representant frå landbruksdepartementet.



Leif Arne Lirhus, Marta B. Meland, Wenche Pettersen og Trond Olav Neteland i Viscri.



Besøk på ein mjølkegard i Romania.

Årsmøte i lokallaga


Kvar haust deltar tillitsvalde og tilsette i fylkeslaget på lokallagsårsmøte. Det ei prioritert oppgåve, og målet er at alle som vil skal få besøk minst annakvart år. Når lokallaga tingar besøk, kan dei òg be om eit tema dei ønskjer representanten skal snakke om på møtet.

Uvanleg mange lokallag fekk ny leiar dette året. Lokallaga i Etne, Bømlø, Eikanger, Fitjar, Ullensvang, Uskedalen, Voss, Austevoll, Vikøy og Øystese og Eksingedalen/Vaksdal har alle meldt om leiarskifte.

Aktive lokallagsmidlar

Den viktigaste årsaka til at Bondelaget står sterkt, er gode lokallag. Når styret i Norges Bondelag og aksjonskomiteen planlegg aksjonar og kampanjar, er det lokallaga som trår til og gjennomfører planane. Dei har god kontakt med den lokale pressa, og sørger for at budskapet når ut til mange.

Lokallagsstyret planlegg arbeidet i laget. Det er eit krav å halde årsmøte, og dei fleste har medlemsmøte og/eller andre arrangement i tillegg. Dei aktive lokallaga kan søkje om midlar frå fylkeslaget. Eksempel på aktivitet frå året som gjekk er ”Teknikkens dag” i Ullensvang, stand på utdanningsmessa i Fusa med live videostreaming frå fjøs, seminkurs på sau, motorsagkurs, HMS-kurs, kåring av Bondeven og traktorkurs for kvinner.



Dei tre bondelaga på Voss arrangerte HMS-samling i juni. Her er Bjørne Røthe frå Bulken-Evanger Bondelag, Brynhild Tennebekk Bjørke frå Voss Bondelag og Knut Blikberg frå Norsk Landbruksrådgiving HMS.

Årets lokallag

Kvart år vert ”Årets lokallag” kåra, og vinnaren går vidare til den nasjonale konkurransen i Norges Bondelag. I 2015 var det Bergen Bondelag som fekk tittelen og 10 000 kr.

Bergen Bondelag har hatt høg og variert aktivitet over fleire år. Heile styret deltar i organisasjonsarbeidet, og andre medlemmer stiller også opp. Lokallaget samarbeider breidt og er representert i fleire råd og utval. Leiar Bodhild Fjelltveit har hatt innlegg på innspelskonferanse for landbruk i Bergen og under kampanje i Oslo.

I året som gjekk kåra Bergen Bondelag Bondevener, deltok i aksjon og var med på Påskemoro på Hordamuseet. Dei hadde god politikarkontakt; dei arrangerte frukostmøte og kom med innspel til to ulike partiprogram. Dei fekk fleire lesarinnlegg på trykk og sende inn svar på høyringar. Lokallaget arrangerte også Open Gard, Ope Fjøs, medlemsmøte om arealplanlegging og fleire kurs for medlemmer og nye bønder.

Nettside og ekstranett

På bondelaget.no kan medlemmer logge seg på ”Din side” og oppdatere kontaktdata og laste ned standardkontraktar som Norges Bondelag har utarbeida. Leiari i lokallaget kan sjå medlemslister og endre verv under ”mitt lokallag”. Dei kan også sende sms og e-post. Norges Bondelag legg av og til ut høyringar for lokallag på denne sida.

Hordaland Bondelag har nettside under bondelaget.no. Her har vi mellom anna eit meny punkt for tillitsvalde med relevant informasjon om lokallagsarbeidet.



Kristoffer Handeland frå Sveio Bondelag på SunnMat-festivalen i Haugesund.



Teknikkens Dag på Lofthus.

Vervekonkurranse

Hordaland Bondelag arrangerte ein vervekonkurranse der premien var plass på leiarmøteturen til Romania. Alle som verva medlemmer i konkurranseperioden fekk eitt ”lodd” for kvar verva medlem. Vinnaren var lokallagsleiari i Vikøy og Øystese Bondelag, Nils Neteland. Nils ga plassen til Jorunn Tonning Neteland.



Jorunn på flyplassen med lokallagsleiarane Clara Hveem og Marta Bjørgum Meland.

POLITISK OG UTADRETTA ARBEID

Skulebesøk og rekruttering

Rekruttering til næringa og til naturbruksutdanning er høgt oppe på agendaen til Bondelaget. Både lokallag og fylkeslag har stand på utdanningsmessar, der målsettinga er å motivere ungdom til å ta vidare utdanning innan naturbruk og landbruk.

Hordaland Fylkeskommune har løyvd midlar til eit rekrutteringsprogram der skuleklassar frå og med ungdomsskulenivå besøker gardar og får informasjon om landbruksfag og naturbruksutdanning. Bønder som tar i mot skuleklassane kan søkje om godtgjersle. Hordaland Bondelag handsamar søknadar og kan hjelpe med tilrettelegging av besøket.



Skulebesøk hos Anfinn Tofte på Halsnøy og hos Jorun og Hamish frå Etne Bondelag (t.h).

For fjerde år på rad var over hundre elevar frå Bergen Katedralskole på gardsbesøk hos mjølkebønder på Voss. Lars Istad og Knut Skjerve tok i mot elevane og viste dei rundt på garden. Undervegs fekk dei informasjon om landbruk. Besøket er ein del av ein studietur i geografi og samfunnsfag, med landbruk og matproduksjon som tema.

Mange av lokallaga organiserer gardsbesøk for barnehagar og klassar frå småskulen. Granvin Bondelag har også gjennomført ”Landbruksspelet” med skuleklassar i mange år. Spelet gir innsikt i korleis det er å drive eit gardsbruk.

I samband med faget ”utdanningsval” besøkte rådgjevar Geir Totland fleire ungdomsskular der han informerte om utdanningsval innan landbruk og naturbruk. Han heldt også eit innlegg for Nettagronomklassen ved Stend vgs.

Hordaland Bondelag gir av og til støtte til fagturar for ungdom. I 2015 fekk til dømes elevane ved VG3 Landbruk ved Voss Jordbruksskule tilskot til ein tur til Danmark med Norsk Jerseyforening.

Open Gard 23. august

Open Gard er eit årleg, landsomfattande arrangement, som går føre seg på ein gard i drift. Det er ein arena for oppleving, formidling av kunnskap og kontakt med publikum, spesielt barnefamiliar.

Open Gard vart arrangert 23. august på Skjendalen Gard på Fjell (Sotra og Øygarden Bondelag), 16. august i Norheimsund (Vikøy og Øystese Bondelag), 30. august på Sletta (Radøy Bondelag) og på Voss jordbruksskule i oktober (Voss Bondelag). Fleire arrangement vart diverre avlyst. Årsaka var mellom anna den seine sommaren.



Open Gard på Radøy.

Populære aktivitetar på Open Gard er hopping i høyet, riding, trøtraktorkøyring, rebusløp og mjølkespannhalding. Det vert også arrangert gjetterhundoppvisning, kalvemønstring og demonstrasjon av saueklipping. Som oftast vert det servert mat, og både Nortura og Tine sponser varer til Open Gard.



Lokallagsleiar Lars Inge Vik på Markens Grøde i Fusa.

Andre liknande arrangement er Etnemarknaden (Etne Bondelag), ”Bondens Dag” (Os Bondelag) og Fitjarfestivalen (Fitjar Bondelag). Stord Bondelag er med på Skogdagen i Leirvik og Ullensvang Hagebrukslag arrangerte Teknikkens Dag på Lofthus.

Fusa Bondelag deltok på Markens Grøde i Fusa, der lokalprodusentar viser fram og sel produkta sine. Fusa Bondelag hadde stand med dyr, bondelagsmateriell, råmjølkslappar og smaksprøver.

Inn på Tunet (IPT)

I mars arrangerte Hordaland Bondelag eit informasjonsmøte for bønder som kan tenkje seg å starte opp med Inn på Tunet-verksemd. Innleiarar var Brita Skallerud, representant for IPT-utvalget i Norges Bondelag og Bjørn Austad Hvaleby frå Matmerk. Siste del av møtet gjekk føre seg på Framnes Gard, der IPT-tilbydar Solveig Lilletvedt viste fram garden sin og delte erfaringar frå drifta.

Hordaland Bondelag har eit godt samarbeid med Fylkesmannen si landbruksavdeling og Fagforum Inn på tunet Hordaland. Dei viktigaste oppgåvene er å sikre drifta for dei som driv med IPT, men også rekruttering står på programmet.

Politiske debattmøte

I april arrangerte Spire Bergen ein debatt med tittelen ”Kor norsk er eigentleg norsk mat?”. Panelet besto av nestleiar i Hordaland Bondelag, Frode Handeland, Nina Sundquist (administrerande direktør i Matmerk), Ida Johannessen (styremedlem i Bergen MDG) og Petter Nilsen (Unge Høgre og bystyreret).

Fylkesleiar Frøydis Haugen var med i panelet under Bergen Høyre sin debatt om bynært landbruk same månad. I dette panelet deltok Jostein Ljones (Sp), Per-Arne Larsen (V), Tom S. Tomren (MDG og Fylkestinget) og Didrik Fasmer (H). Frøydis hadde også innlegg på ein jordvernkonferanse som Fylkeskommunen arrangerte i november. Målgruppa for konferansen var politikarar frå fylket.

I september inviterte Slow Food Youth Network Bergen til temamøte i samband med Økoveka. Tittelen på møtet var ”Mat, miljø og forbrukermakt”, og Frøydis Haugen satt i panelet saman med Frank Erichsen, dansk bonde og ”Bonderøven” på fjernsyn. Thor Øivind Jensen (Slow Food Bergen) og Agnes Tvinnerheim (Bærekraftig liv på Landås) deltok også i panelet.



Panelet i debattmøtet ”Mat, miljø og forbrukermakt”.

Politiske parti

Gjennom Samarbeidsrådet for landbruk har Hordaland Bondelag fått høve til å møte stortingspolitikarar frå Hordaland og diskutere utfordringar for vestlandslandbruket. Tillitsvalde og tilsette har også deltatt på møte og samlingar for fleire parti i fylket. Til dømes deltok Anita Jordalen på årsmøte i Hordaland Senterparti, medan Bodhild Fjelltveit var invitert på møte hos Bergen SU. Frode Handeland og Geir Totland deltok på eit møte med Krf region Sunnhordaland.

I september inviterte Arbeiderpartiet til ein landbrukspolitisk studietur i Hardanger, der Hordaland Bondelag la opp det faglege innhaldet. Landbrukspolitisk talsmann Knut Storberget og resten av følget fekk mellom anna sjå garden til Nils Neteland med mjølkeproduksjon. Knut Byrkjenes Hauso informerte om fruktneringa og viste fram nyplanta fruktfelt. Om kvelden var det ope møte med næringa. Frøydis Haugen, Knut Byrkjenes Hauso og Lars Peter Taule deltok frå Hordaland Bondelag.

Verdas matvaredag 16. oktober

Jordsmonn var FN-tema i 2015, med fokus på mattryggleik, økosystem og natur. Verdas Matvaredag 16. oktober markerar skiping av FN sin organisasjon for ernæring og landbruk (FAO) i 1945. FAO sitt mål er at alle skal få nok og næringsrik mat. Hordaland Bondelag deltok i ei markering i Bergen, saman med FN-sambandet. Bondelaget delte ut eple frå Hardanger og norske guleroter, i tillegg til ei brosjyre om jordvern og jordsmonn.

Organisasjonssjef Lars Peter Taule hadde innlegg på seminaret ”Den skitne sannheten om jordsmonnet”. Han snakka om utfordringar ved berekraftig drift i norsk landbruk. Arrangør var Internasjonal Uke i Bergen og FN-sambandet.



Lars Peter Taule og Frøydis Haugen.

Bergen Matfestival 4.-6. september

I år var festivalen flytta til Koengen ved Bergenhus festning, og Bondelaget sto saman med Hordaland Bygdeungdomslag og Hordaland Bygdekvinneag. Standen hadde mange aktivitetar for barn; quiz, leikegard og informasjonsmateriell. Barna kunne i tillegg ta trøtraktorsertifikat eller sitte i ein stor traktor som var lånt ut av Felleskjøpet Agri.

Dyr er populært på standen, og kalven ”Koengen” og hønene var med heile helga. Dei besøkande kunne sjå oppvisning med gjetarhund, kalvemønstring og utstilling av fjordhestane Bakkebruna og Trudvangs Frøya.



Kalvemønstring under Matfestivalen.

Sosiale medier

Sosiale medier er viktig både for blesting av matproduksjon og vestlandsjordbruket og for å halde kontakt med medlemmer.

Hordaland Bondelag er på facebook, twitter (@Hordalandbonde) og Instagram (hordalandbondelag). På instagram reposter vi bilete som er merka #vestlandsbonden.

Vi har også ansvar for facebookside til landbrukskurs.no.



Takk til Felleskjøpet Agri, AK Maskiner og Gule's Mek og Landbruksverkstad AS som gav oss trøtraktorar, og til bondelaga i Nordhordland som lånte ut trøtraktorane sine.



Gjetarhundoppvisning.

Støtte til bønder i andre land

I fleire år har Hordaland Bondelag lånt ut små summar til bønder i land der det er vanskeleg å få lån i banken. Støtta vert formidla av organisasjonen KIVA. På kiva.no kan du sjå kven som søker om lån, og til kva. Du kan søkje på land, kjønn eller tema.

Hordaland Bondelag gir lån til landbruksføremål. Bøndene låner ein liten sum frå mange ulike personar, så dei kan betre sin eigen situasjon. Nokre vil starte ein ny produksjon, medan andre vil forbetre den dei har. Det er alltid småskala; eit par kyr eller nokre høner. Når lånetakarane betaler tilbake, vert summen ståande på KIVA-kontoen din. Du kan låne ut på nytt til andre lånetakarar, og pengane vert til nytte for mange. Sjansen for å tape pengar er liten, då tilbakebetalingsprosenten er 98,8.

Norges Bondelag samarbeider med Utviklingsfondet og Norges Bygdeungdomslag om eit landbruksprosjekt i Malawi. Prosjektet har fokus på betre metodar i lokal matproduksjon, og betre livsvilkår for bøndene. Les meir på bondelaget.no.

Kurs og opplæring

Unge Bønder og nye bønder

Unge bønder er eit viktig satsingsområde, og Hordaland Bondelag arrangerer kurs kvart år. Det årlege kurset for nye bønder var planlagt i samband med Agro Hordaland i november. Då Agro Hordaland vart avlyst, vart kurset utsett. Det nye kurset er planlagt i februar 2016, i Øystese.



Betre Bonde

Kursopplegget er eigd av Norges Bondelag, og gir grunnleggjande og lett tilgjengeleg opplæring i bedriftsleiing. Målet med kurset er at deltakarane skal arbeide smartare, ikkje hardare. Kurset er delt inn i tema - kompetanse, bedriftsleiing, menneske som ressurs, økonomi og vegen vidare. Hordaland Bondelag arrangerte Betre Bonde-kurs i Åsane i mars. Kurset på Stord måtte avlysast då det ikkje var nok påmeldte.

Skattekurs

Kvart år arrangerer Norges Bondelag skattekurs for rekneskapskontor med samarbeidsavtale. Programmet gir nyttig oppdatering på sentrale skatterettslege og rekneskapsfaglege område. I samband med kurset arrangerer Norges Bondelag og Økonomiforbundet ein temadag. Temaet i Hordaland i år var ”Pensjon og trygdeplanlegging for næringsdrivende”. Kurset gjekk føre seg i Bergen, og hadde deltakarar frå både Hordaland, Sogn og Fjordane, Trøndelag og Rogaland.

HMS-kurs

Hordaland Bondelag samarbeider med Norsk Landbruksrådgiving Hordaland HMS om å arrangere kurs i praktisk HMS-arbeid. Lokallaga har også møte med liknande tema. I januar inviterte Ølve/Hatlestrand Bondelag til føredrag om lover og reglar i høve til bruk av ATV og traktor over 50km/h.

Landbrukskurs.no

På landbrukskurs.no kan arrangørar presentere korte kurs med landbrukstema i Hordaland og Sogn og Fjordane. Nettsida er eigd av fylkeskommunen i Hordaland og Sogn og Fjordane, og er administrert av Hordaland Bondelag. Landbrukskurs er òg på facebook.

Studiesamfunnet næring og samfunn (SNS)

Målet med studieforbundet er å leggje til rette for folkeopplysning og læring for vaksne. SNS har nettbasert registrering av kurs og studieringar. Lokallag som vil arrangere kurs kan ta kontakt med Studieforbundet for å få tilskot til gjennomføring. Dei har også rett på gratis offentlege undervisningslokale. Framgangsmåte og meir informasjon ligg på nettstaden naeringogsamfunn.no.

Høyring og uttalar

Hordaland Bondelag har innspel til mange saker, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Det er viktig for Bondelaget at medlemene vert høyrd, sjølv om det ikkje er mogeleg å gjere alle til lags. Når Norges Bondelag uttalar seg om ei sak, har den ofte vore på høyring i organisasjonen. Dersom fylkeslaget meiner det same som styret i Norges Bondelag, er det ikkje alltid vi sender eige svar. I andre høve sender vi brev frå fylkeslaget, anten gjennom organisasjonen, eller direkte til høyringsutsendar.


Eit døme på høyringssak er lausdriftskravet som trer i kraft i 2024. Kravet kan få store konsekvensar for mjølkeproduksjonen i Hordaland. Norges Bondelag arbeider for å finne verkemiddel som kan oppretthalde produksjonsfordelinga og sikre ein struktur som gjer det mogeleg å nytte norske førressursar.

Temaet vart diskutert i gruppearbeid på leiarmøtet, og lokallaga sendte inn høyringssvar til fylkesstyret. Styret utforma deretter eit innspel til styret i Norges Bondelag. Innspel til jordbruksforhandlingane vert handsama på same måte, med diskusjon eller studiering i lokallaga, og vidare handsaming i fylkesstyret.


Fylkeslaget kan også hjelpe medlemmer og lokallag som skal skrive merkad eller innspel. Det gjeld som oftast høyringar om arealbruk og ressursforvaltning der dyrka mark står i fare for omdisponering.

Døme på høyringar der Hordaland Bondelag har sendt merknad/innspel i 2015:

- ✓ Markedsbalanseringsutvalet.
- ✓ MRSA kompensasjonsordning.
- ✓ Lausdriftskrav 2024.
- ✓ Grøn strategi for Bergen.
- ✓ Reguleringsplan i Bømlø kommune.
- ✓ Kommuneplanens arealdel i Fusa.
- ✓ Innspel til kommuneplanens arealdel i Bergen.
- ✓ Bergen 2030 – kommuneplanens samfunnsdel.



Høyring: Lausdriftskrav 2024.



Høyring: Jordbruksoppgjøret.

Andre møte, kurs og arrangement:

Årsmøte Hordaland Sau og Geit	Frode Handeland
Kornkonferansen, Oslo	Kjetil Mehl, Frode Handeland
Årsmøte Hordaland Bygdeungdomslag	Kjetil Mehl
Fruktamråding, Hardanger	Knut Byrkjenes Hauso
Årsmøte i Rogaland Bondelag	Frode Handeland
Årsmøte i Hanen Vest	Leif Arne Lirhus
Møte om HV, Oslo	Frode Handeland
Regionale samlingar, Fitjar	Frode Handeland
Grøntutvalmøte i Norges Bondelag	Knut Byrkjenes Hauso
Pelsdyr, omdømme og mediehandtering	Frøydis Haugen, Lars Peter Taule
Rekrutteringsverksted	Frøydis Haugen
Møte om forvaltning av grågås	Geir Totland, Lars Peter Taule
Mat og Landbruk, konferanse	Frøydis Haugen, Lars Peter Taule
Møte med NILF, Dekk og Diesel	Lars Peter Taule
Møte om generalstreik	Frøydis Haugen
Årsmøte i Fellekjøpet Rogaland Agder	Kjetil Mehl
Inspirasjonsmøte Inn på TUNET	Frode Handeland, Maria M. Skjold
Seminar AgriAnalyse	Geir Totland
Leiarmøte i Hordaland Sau og Geit	Lars Peter Taule
Politisk møte i Kvam	Knut Byrkjenes Hauso
Hardangerkonferansen	Knut Byrkjenes Hauso
Sikkerhetspolitisk seminar	Geir Totland
Fremtidens Fisketorg	Lars Peter Taule
Møteplass Mat	Bodhild Fjelltveit
Prosjekt gode matvaner	Maria M. Skjold
Årsmøte i Studieforbundet (SNS)	Maria M. Skjold
Studietur til Osterøy	Administrasjonen i Hordaland Bondelag
FN- sambandet, møte om jordvern	Lars Peter Taule
Knut Storberget på studietur i Hardanger	Frøydis Haugen, Lars Peter Taule og Knut Byrkjenes Hauso
Plankonferanse	Geir Totland
Regionkonferanse Norsvin	Frode Handeland
Konferanse Mat og reiseliv, Bergen	Lars Peter Taule
Møte om avlingssvikt for frukt	Knut Byrkjenes Hauso
Kom-an konferansen	Frode Handeland
Grøn strategi, Bergen Næringsråd	Lars Peter Taule
Vervekurs i regi av Norges Bondelag	Frøydis Haugen, Leif Arne Lirhus
Mediakurs	Frode Handeland
Vervekurs	Fylkesstyret og administrasjonen

JORDBRUKSFORHANDLINGAR

Kvart år er det forhandlingar mellom faglaga (Norges Bondelag og Norsk Bonde- og småbrukarlag) og Staten om rammevilkåra for landbruket. Dersom partane vert einige, ender det med ei avtale. Resultatet av forhandlingane er viktig for bøndenes totaløkonomi.

Studieringar og samråingsmøte

Mange av lokallaga gjennomførte ein studiering med landbrukspolitisk tema, og samla seg om viktige punkt til forhandlingane. På vegne av Samarbeidsrådet inviterte Hordaland Bondelag landbruksorganisasjonane til drøftingsmøte om forhandlingane. Innspel frå lokallag og organisasjonar danna grunnlag for drøftingar i styret, og den endelege uttalen som fylkeslaget sendte til Norges Bondelag.

Kampanje føre forhandlingane

I årets kampanje vart politikarar, støttespelarar og andre oppfordra til å ta "Bondetesten". På nettsida bondevenn.no kunne folk ta testen og finne sin indre bonde. Som takk fekk dei ein button med resultatet av testen.

Fleire lokallag fekk ordførararen til å ta quizen, medan andre hadde stand med smaksprøver for å skape blest om kampanjen. Lokallaga på Voss testa besøkande på "Ope fjos", og Fusa Bondelag nytta høvet under eit inspirasjonsmøte om landbruk. Fylkesordførar Tom-Christer Nilsen var ein av dei som tok testen, og fekk resultatet "Framtidsbonde".



Fylkesstyret med bondequiz til innbyggjarane i Fana.

Første vara i fylkestyret, Bodhild Fjelltveit, heldt appell for stortingspolitikarane i Oslo, under ein frukost i regi av Norges Bondelag. Målet med frukosten var å minne politikarane på kvifor Noreg treng bonden.



Ullensvang Hagebrukslag med smaksprøver og bondetest.

Forhandlingar og avtale med Staten

Etter harde forhandlingar kom partane i mål. Avtala hadde ramme på 400 millionar kroner og vil gi inntektsvekst på 13 000 kroner per årsverk i 2016. Bondelaget oppnådde ein forhandlingsgevinst på 310 millionar kroner. Staten hadde foreslått eit kutt i budsjettoverføringane på 110 mill. kroner, men dette vart snudd til ei auke på 45 millionar. Desse midlane vart i stor grad nytta til distriktstilskot og andre tilskot som kjem små og mellomstore bruk til gode.

Eit anna resultat av forhandlingane var at mjølkekvoter framleis skal verte omsett i 18 regionar. Dette er avgjerande for å oppretthalde mjølkeproduksjon over heile landet. Staten sitt forslag var 7 – 9 regionar.

Ope møte 28. mai

Etter at avtala var i hamn, arrangerte Hordaland Bondelag eit ope møte om jordbruksoppgjeret. Leiar i Norges Bondelag, Lars Petter Bartnes, informerte om avtala og svarte på spørsmål. Møtet, som gjekk føre seg på Strilatan i Lindås kommune, vart leia av Frøydis Haugen. Det var mange som hadde spørsmål og kommentarar til avtala og forhandlingane, og 80 personar møtte fram.



Lars Petter Bartnes.

SAMARBEID

Kontorfellesskapet på Landbrukstunet

Hordaland Bondelag har kontor på Landbrukstunet i Fana, Bergen. Vi har eit godt fellesskap med Norsk Landbruksrådgiving, NLR Veksthus, FanAgro og Tine. Det er ein fordel å ha fleire organisasjonar og fagpersonar samla under eit tak, for betre kommunikasjon og fagleg oppdatering.

Samarbeidsrådet for landbruk Hordaland/Sogn og Fjordane

Hordaland Bondelag er representert i Samarbeidsrådet ved leiar og organisasjonssjef. Even Øyri, Nortura, var leiar for rådet i 2015. Sentrale aktivitetar dette året var møte med stortingsrepresentantar, samråingsmøte mellom ulike landbruksorganisasjonar i førekant av jordbruksforhandlingane og Rådsmøte.

I mars møtte utsendingar frå faglag og næringsorganisasjonar i Hordaland og Sogn og Fjordane stortingspolitikarar frå dei to fylka til den årlege informasjons- og meningsutvekslinga. Tema for møtet var utfordringar i vestlandslandbruket. I oktober inviterte rådet til "Grønt dialogmøte", der ulike forskingsmiljø, landbruket sine organisasjonar og offentleg forvaltning møttest til dialog og samarbeid.

Fylkesmannen og Fylkeskommunen

Hordaland Bondelag har fleire møte med Fylkesmannen si landbruksavdeling (FMLA) og Hordaland Fylkeskommune (HFK) gjennom året. Døme på tema i FMLA sine samlingar, er "Klimatilpassing for landbruket i Hordaland" og "Samvirke". Bondelaget er også med på Landbrukskonferansen og dialogmøte der aktuelle saker for vestlandsjordbruket vert diskutert. Organisasjonssjef Lars Peter Taule var også invitert med på fagtur til Irland. Turen var for kommunetilsette med landbruk som fagfelt.

FMLA er sekretariat for Kulturlandskapsgruppa, som skal bidra til god forvaltning av kulturlandskapet. Oppgåvene er mellom anna å utarbeide regionalt miljøprogram, følgje opp løyvingane i tilskotsordninga, diskutere faglege utfordringar og kulturlandskapsprisen.

Gruppa i Hordaland er tverrfagleg, med representantar frå forvaltning, forskning og næringsorganisasjonar.



Kulturlandskapsgruppa på synfaring.

Hordaland Bondelag er representert ved Frode Handeland og Lars Peter Taule.

Hordaland Bondelag har deltatt på fleire møte i regi av Fylkeskommunen, til dømes Nyttårsmøte, samling med jordvern som tema og møte om klima og massehandtering. Hordaland Bondelag deltar også på samlingar med Fylkeskommunen, FMLA, Innovasjon Norge og Småbrukarlaget der aktuelle tema og strategiar står på programmet.

RULL

RULL er ei forkorting for ”rekruttering, undervisning og likestilling i landbruket”. HFK har ansvar for at desse felte vert følgt opp. Hordaland Bondelag er med i ei styringsgruppe saman med HFK, FMLA, Innovasjon Norge og Småbrukarlaget. Grappa gir innstilling til korleis Fylkeskommunen best kan forvalte dei årlege midlane frå jordbruksavtala. Frøydis Haugen og Lars Peter Taule representerer Hordaland Bondelag i styringsgruppa.

Strategigruppe for sau og mjølk i Hordaland

FMLA står bak ei strategigruppe som skal følgje opp dei ulike prosjekta og strategiane for sau og mjølkeproduksjon i fylket. Frøydis Haugen er Hordaland Bondelag sin representant i gruppa, der FMLA, Innovasjon Norge, Småbrukarlaget, Tine, Nortura og Hordaland Sau og Geit er med.

Vi satsar på mjølk i Hordaland

Fagorganisasjonane i Hordaland er samde om at mjølkeproduksjonen i fylket skal styrkast og vidareutviklast. Sidan 2002 har det vore ei ekstra satsing på mjølkeproduksjon i fylket. Dette prosjektet er eit framhald av fleire tidlegare prosjekt: ”Økomjølkk Vestlandet”, ”Vi satsar på mjølk i Hordaland”, ”Vi satsar på mjølk og storfekjøtt i Hordaland” og ”Storfeprosjektet i Hordaland”.

Prosjektet står bak fagmøte og samlingar med ulike tema, samt besøk hos enkeltprodusentar. Eit døme på dette var ”Ope fjos” hos lokallagsleiar Bjørne Røthe på Voss i mars. Ordføraren i kommunen var også tilstades. Leif Arne Lirhus er Hordaland Bondelag sin representant i styringsgruppa og Ola Alne frå Tine er prosjektleiar. Du kan lese meir på nettstaden www.hordamjolk.no.



Ordførar Hans Erik Ringkjøb på ”Ope fjos”.

Ny giv for sauehaldet i Hordaland

Prosjektet er i regi av Hordaland Sau og Geit, og vert drive i samarbeid med Nortura, Fatland, FMLA og Landbruksrådgivinga Hordaland. Hovudmålet med prosjektet er fleire lam til slakt. Frode Handeland er Hordaland Bondelag sin representant i styringsgruppa. Les meir på nettsida www.nsg.no.

Innovasjon Norge (IN)

Fylkesleiar Frøydis Haugen er styremedlem i det regionale styret i Hordaland. Styret skal gje IN kunnskap og røynsle innafør næringsutvikling, innovasjon, internasjonalisering og profilering. Minst eitt styremedlem skal representere primærnæringane.

Mattilsynet

Mattilsynet er ein viktig samarbeidspart, og det er difor naudsynt med open dialog. I april møtte tillitsvalde frå fylkesstyret og lokallaga i Nordhordland Mattilsynet i Nordhordland. Målet var å sikre betre kommunikasjon mellom næringa og Mattilsynet, og ta opp konkrete problemstillingar i samband med tilsyn.

NIBIO

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) ble oppretta 1. juli 2015 som ein fusjon av Bioforsk, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) og Norsk institutt for skog og landskap. Hordaland Bondelag samarbeider med NIBIO gjennom Samarbeidsrådet om ulike forskingsprosjekt.

Matarena AS

Matarena vart etablert i 2014, og har som mål å utvikle og formidle kunnskap om berekraftige produkt frå sjø og land. Arbeidet skal gi auka kunnskap om mat og matkultur hos forbrukarane. Hordaland Bondelag er medeigar, saman med Foreningen Smak av kysten, HMP Bergen, Samarbeidsrådet, Hanen Vest og Bondens Marked. Nils T. Bjørke er styreleiar. Arbeidsområdet er mellom anna drift og utvikling av ”Smak av kysten”, matprosjekt for skulebarn, Bergen Matfestival og ”Årets Sjømatkock”.

Grøntutvalet

Grøntsektoren er ei viktig næring på Vestlandet, og Knut Byrkjenes Hauso er Hordaland Bondelag sin representant i Grøntutvalet for Vestlandet. Sogn og Fjordane Bondelag og Møre og Romsdal Bondelag er også representert ved Kari Sigrun Lysne og Audun Skjervøy. Ei viktig oppgåve er å skrive innspel til jordbruksforhandlingane.



I innspelet denne gongen la Grøntutvalet vekt på at vestlandsdyrkaren treng tilskot som kan kompensere for driftsulempene knytt til naturtilhøve og bruksstruktur. Dei ba om eit investeringsløft og hadde fleire forslag til tiltak. Vidareføring og styrking av "Distrikts- og kvalitetstilskotet" og "Fruktlagertilskotet" vart løfta fram som særskilt viktig.

Andre punkt i innspelet var mellom anna auka løyvingar til FoU-miljøa innafør landbruksforskninga, tilskot til birøkt, fornying av frukthagar, styrka økonomi for produksjon av industribær og norsk produksjon av plantemateriale.

Utmerkingar

Det er viktig å premiere god innsats, og Hordaland Bondelag er med og kårar vinnarar av fleire heiderspriser. Ikkje alle vert delt ut kvart år.

Bygdeutviklingsprisen

Innovasjon Norge deler kvart år ut ein bedrifts- og næringsutviklingspris. Hordaland Bondelag er med i juryen. Prisen går til personar som har etablert ei vellukka bedrift eller næring med basis i bygda og landbruket. Det vert kåra ein vinnar i kvart fylke, og ein av desse vinn den nasjonale prisen.

I år var det Gøril Guddal og Galleri G Guddal som fekk 50 000 kroner, heider og ære. Galleriet har kunstbutikk og utstilling frå nokre av Norges mest kjente kunstnarar, og ligg flott til i det historiske Guddalstunet i Seimsfoss. Prisen vart delt ut på Kom-an konferansen 17. november. Nestleiar Frode Handeland var Hordaland Bondelag sin representant i juryen og under utdelinga.



Guddalstunet. Foto: Elisa Helland-Hansen

Kulturlandskapsprisen

Kulturlandskapsprisen er ei påskjøning til nokon som har gjort ein mangeårig innsats for å ta vare på heilskapen og mangfaldet i kulturlandskapet. Prisen skal setje fokus på dei verdiar og kvalitetar som ligg i kulturlandskapet og arbeidsinnsatsen som ligg bak. Vinnaren er Hordaland sin kandidat til den nasjonale kulturlandskapsprisen året etter.

Kriterium for tildeling i 2015 var ”tilrettelegging av stiar og ferdselsveggar i jordbruket sitt kulturlandskap”. Vinnaren var Postvegen gjennom Kvinnherad. Kulturminnet strekkjer seg frå Herøysund til Ølfernes og går gjennom svært ulike kulturlandskap. Prisen er på 50 000 kroner. Frode Handeland var Hordaland Bondelag sin representant i juryen.

Hordaland Bygdeungdomslag

I året som har gått har Hordaland Bygdeungdomslag (HoBU) hatt 8 styremøter, og to telefonmøter). Me arbeider framleis med utarbeiding av nye lokallag, og håpar å få starta opp Etne og Kvinnherad BU igjen. Dessverre har me i år begynt å planlegge nedlegging av laget Søre- Sveio, slik at me skal ha berre ett BU lag i Sveio. Til saman har me no 4 lokallag i Hordaland, Voss, Kvam, Sveio, og Fløyen. Med til saman 512 medlemmer. Dette er svært kjekke tal, og me vona me kan utbreia oss enda meir.

Elles har me engasjert oss i fylkesvalet med STEM-BESTEM, og vært med og promotera norske råvarer, vært frivillige på Bergen Matfest samt stått på stand med Bondelaget, Bygdekvinnelaget og 4H. Me håper å samarbeide meir om slikt i framtida.

Me deltok som tradisjonen tru på Landsstemne, i år i enden av Vikersundbakken i Buskerud. Me stilte med 9 delegater på det 69.årsmøtet i NBU og var 76 deltagarar på stevne. Me deltok også på Haustarrangementet i Østfold, og me har drevet organisasjonsbygging ved å delta på NBU's Vårkurs for fylkesvalte, og arrangert haustkurs for styremedlemer i lokallaga våre, slik at dei kan driva aktivitetar ut til alle medlemer. Hordaland Bondeungdomslag vil gjerne takka dykk for samarbeidsåret, og ynskjer eit sterkt samarbeid i 2016.

Leiar i Hordaland Bygdeungdomslag, Helena Bru



Styret: Leiar Helena Bru, nestleiar Eirik Dueland, kulturleiar Brynhild Kolltveit, tevlingsleiar Sunniva Bidne Horvei, infoleiar Britt Tone Himle, kasserar Inger Tellefsen Enes, styremedlem Gaute Træbakken og 1.vara: Espen Brattli.

Hordaland Bygdekvinnelag

Fylkeslaget har ved slutten av meldingsåret 31 lokallag og omlag 785 medlemmer.

Bygdekvinneireif

Hordaland Bygdekvinnelag har skipa to Bygdekvinneireif i året. I februar var det Bygdekvinneireif på Hjelrnås hjå Hillesvåg Ullvarefabrikk, der det var omvising og høve til handel.

I september var det Bygdekvinneireif i "Frukt- og Siderruta" i Ulvik, med bakgrunn i Norges Bygdekvinnelag sin råvareaksjon Norsk frukt og bær. Me vitja Hardanger Saft- og siderfabrikk og Syse Gard.

Organisasjonskurs

Norges Bygdekvinnelag oppmuntra fylkeslaga til å halde organisasjonskurs i 2015, og Hordaland Bygdekvinnelag skipa såleis til organisasjonskurs for tillitsvalde i Ulvik i september.

"Ord og uttrykk"

I 2009 gav Hordaland Bygdekvinnelag ut boka "Ord og uttrykk", med dialektord innsamla av lokallaga.

Boka vart populær og raskt utseld. Det er difor ei glede at fylkeslaget i år har trykt nytt opplag av boka.

Takk til Hordaland Bondelag for godt samarbeid også i 2015!

Hordaland Bygdekvinnelag v/leiar Margunn Hauso



Gjensidige

Gjensidige er ein sentral samarbeidspartnar for Bondelaget. Vi har mellom anna årleg møte om felles arbeidsplan. Norges Bondelag forhandlar frem rabattar på vegne av medlemene. Les meir på www.gjensidige.no under landbruk og organisasjonsmedlem.

Landkreditt Bank

Norges Bondelag og Landkreditt Bank har ei samarbeidsavtale som gir bondelagsmedlemer gode fordelar. Vekstkonto er ein sparekonto som bare medlemene i Norges Bondelag og Landkreditt kan få. Kontoen har til ein kvar tid bankens beste innskotsrente, og vil vere eit av marknadenes beste sparetilbod. Les meir på www.landkredittbank.no/nb.

Økonomiske og juridiske tenester

Norges Bondelag samarbeider med både rekneskapskontor og advokatkontor. Avtala omfattar ikkje rabatt på honorar. Medlemer kan også kontakte Rekneskap og Juridisk avdeling i Norges Bondelag for å diskutere økonomiske eller juridiske problemstillingar.

Advokatkontor

I Hordaland er det tre advokatkontor med samarbeidsavtale. Dei har spesiell kompetanse på landbruks-, eigedoms- og skatterett, i tillegg til vanlege juridiske spørsmål.

Advokat Ivar Winjum	55 30 21 96	Bergen
Advokatfirma Kvåle ANS Advokat Øyvind Kvåle	56 55 12 77	Norheimsund
Advokatfirmaet Harris Advokat Frode Halvorsen og Børje L. Hoff	55 30 27 00	Bergen og Norheimsund

Takstmenn

Eivind Moberg	OS	90 73 84 54
Jan Ivar Rødland	GRANVIN	56 52 54 23

ADVOKAT IVAR WINJUM

Jordskifte - Odelsrett - Konesjon - Buplikt - Arv - Familie

Telefon: 55 30 21 96 - 922 23 787

Postboks 333 Sentrum, 5804 BERGEN

Besøksadresse: Fortunen 4

E-post: ivar@advokatwinjum.no

www.advokatwinjum.no

Rekneskapskontora

I Hordaland er det 13 rekneskapskontor som har samarbeidsavtale med Norges Bondelag. Dei får mellom anna fagleg oppdatering gjennom årlege kurs.

Accountor –AB Økonomiservice AS	ISDALSTØ	56 35 55 80
Bjørn Inge Sætre ANS	UGGDAL	53 43 20 36
Fana Sparebank Regnskap AS	BERGEN	55 91 98 00
Fusa Rekneskapskontor AS	FUSA	56 58 00 80
Halsnøy Rekneskapskontor AS	SÆBØVIK	53 47 41 00
Hardanger Økonomiservice AS	EIDFJORD	53 66 44 00
J. Bleie aut. regnskapsfører	NÅ	53 64 30 17
Real Økonomi AS	ISDALSTØ	56 35 19 75
Kontor- & Økonomiservice	LONEVÅG	56 39 04 90
Ullensvang Rekneskap ANS	LOFTHUS	53 66 11 28
Reisæter Rekneskap	UTNE	97 52 59 29
Vekstra Hardanger og Voss AS	ØYSTESE	56 55 34 40
Vossestrand Rekneskapskontor BA	VOSSESTRAND	56 53 00 40
Tveit Regnskap	HORDALAND/ROGALAND	52 76 71 00



Ring oss på 03100 så hjelper vi deg

Har du forsikret deg selv og familien?

Bølg, bil, driftsbygninger, maskiner og andre materielle ting er som oftest godt forsikret på norske gårder. Det aller mest verdifulle vi har, nemlig familien, trenger også en ekstra trygghet.

Er du under 35 år og medlem av Norges Bondelag, kan du blant annet få en gruppeforsikring for 19 kroner i måneden.

Vil du vite mer om forsikringene våre og medlemsfordelene dine, kan du ringe oss på 03100. Du kan også lese mer på gjensidige.no/landbruk



REKNESKAP

Rekneskapsoversyn 2015

	Avdeling	Budsjett inntekt	Budsjett kostnad	Budsjett	Inntekter K	Kostnader D	Saldo
		2015	2015	2015	2015	2015	2015
1	Generelt	830 000	50 000	780 000	763 000	55 356	707 644
2	Rente/gebyr	40 000		40 000	5 009		5 009
3	Fylkesleder	299 000	300 000	-1 000	299 000	322 274	-23 274
4	Fylkesstyret		400 000	-400 000		364 022	-364 022
5	Andre tillitsvalgte		20 000	-20 000		8 176	-8 176
6	Blå-grønt samarbeid		400 000	-400 000		371 077	-371 077
7	Årsmøte HB	80 000	220 000	-140 000	94 100	210 094	-115 994
8	Leiarmøte HB	323 000	605 000	-282 000	328 840	610 723	-281 883
9	Regionmøte HB		28 000	-28 000		27 514	-27 514
10	Opplæring/kurs	140 000	65 000	75 000	109 000	99 482	9 518
11	Rekruttering/Unge Bønderkurs	20 000	25 000	-5 000	20 000	30 876	-10 876
12	Aktivitetsmidlar/aktive lokallag		50 000	-50 000	95 834	53 238	42 597
13	Resultat 2015	1 732 000	2 163 000	-431 000	1 714 783	2 152 833	-438 050

14	Eigenkapital pr 1/1 2015	1 620 429	
15	Kjøpt aksjar Matarena AS		350 000
16	Nedskrevet verdi Matarana AS	1	
17	Resultat 2015	-438 050	
18	I bank (pr. 31/12 2015)	1 182 380	

Forklaringar til rekneskapsoppstilling

Rekneskapan for Hordaland Bondelag er ført av Norges Bondelag og er revidert saman med hovudrekneskapan for Norges Bondelag.

2 Rente/gebyr. (forklaring frå NB)

”All egenkapitalen til fylkene ble i 2011 samlet på en høyrente konto i Landkreditt. I 2013 ble det besluttet at vi skulle forsøke og få noe bedre avkastning på kapitalen, slik at ca 50 % av kapitalen ble investert i Obligasjonsfondet Landkreditt Extra, mens resterende kapital ble stående på høyrentekonto.

Landkreditt Extra ga en meget god avkastning i 2013, i 2014 ble avkastningen noe bedre enn bankrente – mens i 2015 har avkastningen blitt negativ med kr 151 109,60. Landkreditt Extra hadde en akkumulert avkastning på over 2 % første halvår, men pga fall i oljeprisen 3 kvartal – har de måtte nedskrive enkelte verdipapirer. Fondet har igjen en positiv utvikling fjerde kvartal.

Dersom situasjonen rundt disse selskapene hvor obligasjonene er nedskrevet bedres, vil disse obligasjonene kunne skrives opp igjen – slik at vi kan håpe at årets tap blir inntektsført senere. Sett over lang tid, gir investering i slike fond bedre avkastning enn bankrente, men svingninger vil forekomme”.

6 Blå/grønt samarbeid

Kr. 371.077 kjem av kr. 350.000 i kjøp av aksjar i Matarena AS og kr. 21.077 i reise- og møtegodtgjersle til styreleiar Nils T. Bjørke. Hordaland Bondelag kjøpte ikkje aksjane med mål om å oppnå profitt. I samråd med økonomisk ekspertise i Norges Bondelag har styret i Hordaland Bondelag valt å sette aksjeverdien til kr. 1,- pr. 31.12.2015. Dette reduserer m.a. arbeidet med verdivurdering i framtida.



Bilete. Takk til Siv-Merete Manger, Knut B. Hauso, Endre Bjotveit, Trond Olav Neteland, Brynhild Tennebekk Bjørke, Kristoffer Handeland, Radøy Bondelag, Etne Bondelag, Fusa Bondelag, Ullensvang Hagebrukslag og Halsnøy Bondelag for bilete til årsmeldinga.

ADVOKATFIRMA ET
HARRIS
www.harris.no

ADVOKATFIRMA
KVÅLE ANS
M.N.A.

Sandvenvegen 43, 5600 Norheimsund

Tlf. 56 55 12 77-Faks 56 55 19 63

E-post: post@advokatkvale.no - www.advokatkvale.no



Norsk Hordaland
Landbruksrådgiving

Kompetanse for framtida !

Våre fagområde er grovfôrdyrking, kultur-
landskap, frukt og bær, økonomi, økolo-
gisk drift, næringsutvikling, tilleggs-
næringer, byggråd og hjelp med søknader.

Kontakt oss: mob. 98245830, hordaland@nlr.no

<http://hordaland.nlr.no>